

Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec)
Fjellvegen 9
6800 FØRDE

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

23/3985 -

19.10.2023

Statsbudsjettet 2023 – Norec – supplerande tildelingsbrev nr. 4

Vi viser til Utenriksdepartementets tildelingsbrev og supplerande tildelingsbrev til Norec for 2023. Dette brevet inneheld verknadene av lønnsoppgjret i 2023 og eit nytt oppdrag.

1. Tildelingar

Det blir gjort følgjande endringar i tildelinga til Norec for 2023:

Kap.	Post	Formål	Beløp (i 1000 kroner)
140		Utenriksdepartementet	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	73
144		Norsk senter for utvekslingssamarbeid, Norec	
	01	Driftsutgifter	1 381
Sum			1 381

Kap. 140, post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Norec blir tildelt 73 361 kroner for å dekkje kostnader til rekrutteringsoppdrag, jf. supplerande tildelingsbrev nr. 2 for 2023.

Kap. 144, post 01 Driftsutgifter

I tråd med Stortingets behandling av Innst. 494 S (2022–2023), jf. Prop. 119 S (2022–2023) *Endringar i statsbudsjettet 2023 under Finansdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet (Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet 2023 m.m.)* har Finansdepartementet berekna verknaden av lønnsoppgjret i 2023. For Norec utgjer dette ei auka tildeling på posten med 1,381 mill. kroner.

2. Oppdrag

Særskilt oppdrag 3/2023
Bakgrunn for oppdraget: Norec skal frå 1. januar 2024 forvalte tilskotsordninga for demokratiltak gjennom norske politiske partar under kap. 170, post 70 Sivilt samfunn.
Beskriving av oppdraget: Norec skal i samarbeid med Norad førebu seg på å forvalte tilskotsordninga for demokratiltak gjennom norske politiske parti frå 1. januar 2024. Det inneber m.a. dialog med tilskotsmottakarar og å få nødvendige system på plass.
Frist og rapportering: Norec overtek forvaltningsansvaret 1. januar 2024. Rapportering på status i etatsstyringsmøtet 1. november 2023.

3. Rapportering

Tildelingane skal nyttast i samsvar med gjeldande retningslinjer for økonomiforvaltning, og det skal rapporterast på tildelte midlar og oppdrag i tråd med rapporteringskrava som er omtalte i det ordinære tildelingsbrevet for 2023.

4. Oppdatert oversikt over tildelte midlar

Under følgjer ei oppdatert oversikt over tildelte midlar i 2023 for Norec.

Kap.	Post	Formål	Beløp (i 1000 kroner)
140		Utanriksdepartementet	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	973
144		Norsk senter for utvekslingssamarbeid, Norec	
	01	Driftsutgifter	59 536
	70	Uttekslingsordningar, <i>kan overførast</i>	133 482
	71	Rekruttering til internasjonale organisasjonar, <i>kan overførast</i>	48 000
Sum			241 991

Med vennleg helsing

Aslak Brun
konst. assisterande utanriksråd

Siri Edelsteen
seniorrådgivar

Kopi: Riksrevisjonen